

Styre, råd, utval	Sak nr	Møtedato
Utval for plan og miljø	007/2017	02.02.2017
Kommunestyret	011/2017	16.02.2017
Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne	009/2017	30.01.2017
Ungdomsrådet	011/2017	30.01.2017

Godkjenning av planprogram for detaljregulering av Sævareid fiskeanlegg og Sævareid sentrum

Godkjenning av planprogram

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Fusa kommune godkjenner planprogram for detaljregulering av Sævareid fiskeanlegg og Sævareid sentrum.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova §§ 4-1 og 12-9.

Kommunestyret 16.02.2017:

Handsaming:

Gustav Folkestad, V, stiller spørsmål om habiliteten då han er dagleg leiar i bedrifta som er part i saka. Han gjekk frå. For han møtte Arild Heggland, V, som vararepresentant. Framlegget frå ordførar Atle Kvåle, Ap, om at Gustav Folkestad, V, er inhabil, vart samrøystes vedteke. Jf. kommunelova §40 nr 3, jf. forvaltningslova §6 1. ledd.

Carl Johan Haugen, Frp, stiller spørsmål om sin habilitet då innspel til planarbeidet frå Sævareidfjorden Ungdomslag er ført i pennen av han. Han er koordinator og kontaktperson for ungdomslaget/bygda. Han gjekk frå. Arne Holmefjord, Frp, møtte som vararepresentant. Framlegget frå ordførar Atle Kvåle, Ap, om at Carl Johan Haugen Frp, er inhabil, vart samrøystes vedteke. Jf. kommunelova § 40 nr 3, jf. forvaltningslova § 6. 2.ledd.

Tilrådinga frå utval for plan og miljø vart samrøystes vedteke.

KOM- 011/2017 Vedtak:

Fusa kommune godkjenner planprogram for detaljregulering av Sævareid fiskeanlegg og Sævareid sentrum.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova §§ 4-1 og 12-9.

Utval for plan og miljø 02.02.2017:

Handsaming:

Gustav Folkestad, V, sa seg ugild då han er dagleg leiar i bedrifta. Han gjekk i frå. For han møtte Toralv Huse, Krf, som vararepresentant. Gustav Folkestad vart samrøystes kjend ugild til å handsama denne saka, jfr kommunelova §40 nr 3 jf forvaltningslova §6.

Uttaler frå Ungdomsrådet og senior- og funksjonsrådet vart lagt fram i møtet.

Utvalet tilrådde samrøystes at kommunestyret godkjenner rådmannen sitt framlegg.

Etter votering tok Gustav Folkestad plass igjen i møtet.

UPM- 007/2017 Vedtak:

Utvalet tilrår at rådmannen sitt framlegg vert vedteke.

Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne 30.01.2017:

Handsaming:

Følgjande fellesframlegg fremja av Eirin Bergheim vart samrøystes vedteke:
Saka vert teke til orientering.

RAAD- 009/2017 Vedtak:

Saka vert teke til orientering.

Ungdomsrådet 30.01.2017:

Handsaming:

Saka vart samrøystes teke til orientering.

UNG- 011/2017 Vedtak:
Saka vert teke til orientering.

Saksframstilling:

Vedtaksmynde:

- Kommunestyret

Saksdokument:

- Planprogram for detaljregulering av Sævareid fiskeanlegg og Sævareid sentrum – 05.01.2017

Vedlegg: Sjå nederst i saka

- Merknadsskjema til planprogram for Sævareid fiskeanlegg og Sævareid sentrum

Ikkje vedlegg:

- Tidlegare saksgong, e-postar og anna korrespondanse

Faktiske opplysningar:

Det skal utarbeidast ein detaljregulering for AS Sævareid Fiskeanlegg og Sævareid sentrum. Tiltaket er delvis i tråd med kommuneplanens arealdel, og utløyser krav om konsekvensutgreiing. Det er derfor utarbeidd eit planprogram som skal opplyse om alle kjende sider ved tiltaket, om opplegg for medverknad og om prosessen, i ein tidleg fase.

Føremålet med reguleringsplanarbeidet er å regulere eksisterande næringsareal slik at dette vert i tråd med dagens bruk/gjevne løyve. Vidare skal planen legge til rette for ei utviding av AS Sævareid Fiskeanlegg samt sikre naudsynte planavklaringar både for anleggs- og driftsfasen. Det skal regulerast for fjellhallar, for deponering av massar i sjø med etablering av ny kaifront i sjø ved Nordvika.

Etter vedtak i Fusa kommune er Sævareid sentrum tatt med i planen. Ein ser for seg ei regulering av sentrumsområdet stort sett i tråd med dagens situasjon, men med mindre endringar etter innspel.

Hovudføremålet med planen er regulering av eksisterande næringsareal og nytt anlegg i fjellhall. I tillegg skal ein i planarbeidet regulere Sævareid sentrum.

Føremålet med planarbeidet er todelt:

- Regulering av eksisterande næringsområde og nytt næringsområde i fjell i tilknytning til eksisterande fiskeanlegg
- Regulering av Sævareid sentrum

Reguleringsplanen skal omfatte:

- Eksisterande næringsareal
- Fjellhallar aust for eksisterande næringsareal
- Naudsynte infrastrukturtiltak
- Fylling i sjø og utviding av eksisterande kaianlegg i Nordvika
- Sævareid sentrum

Sjå framlegg til planprogram for utdjupande informasjon om tiltaket, og illustrasjonar. Jamfør framdriftsplanen på side 22 legg ein opp til vedtak av endeleg plan hausten 2017, men viser til at dette er avhengig av prosessen i forkant.

Vurdering:

Rådmannen meiner planprogrammet gjev tydeleg og god informasjon om dei planlagde tiltaka i planen, og at det vert lagt opp til ein realistisk og føreseilege prosess. Det er positivt at ein vil sjå på ei løysing med fjellhallar, då dette kan føre til ei meir skjerma drift og bidra til å løyse utfordringar knytt til støy og lukt. Det løyser òg behovet for areal til framtidig utviding, og gjer bedrifta ei fleksibilitet.

Planprogrammet tydeleggjer konkrete tilhøve til lovverk og overordna planar og retningslinjer på ein god måte. Planprogrammet viser tydeleg korleis ein vil arbeide med konsekvensutgreiinga, viser til eit 0-alternativ der plansituasjonen på bakkeplan vil være uforandra, og eit 1-alternativ der ein vil planleggje for fjellhallar. Det er gjort greie for metode, for kva kunnskapsgrunnlag ein vil nytta, kjent informasjon og for tema som skal greiast ut.

Rådmannen meiner opplegg for medverknad og informasjon i den vidare prosessen er godt ivareteke i planprogrammet – samt i prosessen fram til no.

Planprosessen frå oppstart til endeleg vedtak av reguleringsplan står beskrive på ein god måte i planprogrammet på side 11 – 12.

Det har vore gjennomført eit folkemøte i høyringsperioden til planprogrammet, der naboar, berørte partar og representantar frå kommuneadministrasjonen var til stades. Rådmannen meiner det er svært positivt at det vart heldt eit slikt møte i arbeidet med planprogrammet, då det vart gitt høve til å uttala seg direkte til plankonsulenten og tiltakshavar angående høyringsdokumentet.

Etter vedtak av planprogrammet skal ein til med utarbeiding av konsekvensutgreiing og sjølve planforslaget. Her er det lagt opp til endå eit folkemøte, og til dialog med kommunen for gjennomgang av merknader og planskisse. Rådmannen meiner dette er positivt, og at det er viktig at desse møta vert gjennomført før handsaming av planforslaget som skissert.

Kommentarar til merknadar

Rådmannen meiner merknadsskjema med utdrag frå uttalane (i vedlegg), gjer greie for korleis merknadane vert handtert på ein god måte, og at merknadane er tilstrekkeleg fulgt opp i planprogrammet. Rådmannen har likevel følgjande kommentarar:

Fylkesmannen påpeiker at planprogrammet ikkje har særleg fokus på sentrumsområdet i Sævareid. Rådmannen påpeiker at utgangspunktet for å utvide planområdet til å omfatte sentrumsområdet, i hovudsak var at ein ville regulere inn eksisterande struktur, og sikre ein god og føreseieleg bruk av areala. Ved å inkludera området i reguleringa er det likevel interessant å vurdere ei utvikling av sentrum. Rådmannen meiner det er naturleg at Fusa kommune vert involvert i denne delen av planarbeidet - slik det står kommentert i merknadsskjemaet, og viser til at det her er sett av stoppunkt/dialog med kommunen i

arbeidet med planframlegget. Både Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland Fylkeskommune og Noregs vassdrags- og energidirektorat gjev konkrete tilbakemeldingar med god rettleiing, og påpeiker ei rekke relevante problemstillingar for det vidare planarbeidet. Statens vegvesen påpeikar at tiltak som kan påverke fylkesvegen skal avklarast med dei så tidleg som mogeleg. Kystverket minner om at det i føresegnene må takast opp at tiltak som fell inn under hamne- og farvasslova skal godkjennast.

Merknader frå GBNR 96/2, 96/1 og frå Sævareidsfjorden ungdomslag, påpeiker ei rekke punkt som på noverande tidspunkt er uklare og som krev merksemd i planarbeidet. Rådmannen meiner det er viktige punkt som takast opp, og er einig i at desse må handsamast i det vidare planarbeidet. Det er svært postivt at lokalkjende gjev informasjon om dei lokale tilhøva. Dette er gode innspel som kjem til nytte i den vidare planprosessen med tanke på utvikling av Sævareid sentrum.

I merknadsskjemaet er alle merknadane kommentert enten med at punkta er tekne til etterretning i sjølve planprogrammet, eller med at dei skal utgreiast og vurderast i det vidare planarbeidet.

Tillegg i planprogrammet

Det er lagt til eit nytt punkt på side 15 i planprogrammet for å sikre god kopling mot kulturvernplan for Fusa frå 1998, der det mellom anna er sagt at listeførte kulturminne skal setjast av til verneområde med særskilde føresegner innafor regulerte område.

Vedlegg:

Planprogram for detaljregulering av Sævared fiskeanlegg og Sævareid sentrum	1343684	19.01.2017
Merknadsskjema (og samadrag av uttalar) til planprogram for detaljregulering av Sævareid fiskeanlegg og Sævareid sentrum	1343652	19.01.2017
Uttale - Direktoratet for mineralforvaltning	1343653	19.01.2017
Uttale - Fiskeridirektoratet	1343654	19.01.2017
Uttale - Fylkesmannen i Hordaland	1343655	19.01.2017
Uttale - GBNR 96_1	1343656	19.01.2017
Uttale - Hordaland Fylkeskommune	1343657	19.01.2017
Uttale - Kystverket Vest	1343658	19.01.2017
Uttale - Noregs vassdrags- og energidirektorat	1343659	19.01.2017
Uttale - Statens vegvesen	1343660	19.01.2017
Uttale - Sævareidfjorden ungdomslag	1343661	19.01.2017